



Aurland kommune

Økonomiplan

2021 - 2024

Vedteken KS-sak 079/20 i møte 05.11.20



Foto: Bjørn Andresen

Rådmannen sine kommentarar

Økonomiplanen tek utgangspunkt i kommuneplanen sine langsiktige mål, strategiar og utfordringar og seier korleis kommunen skal bruke ressursane sine for å nå dei vedtekne måla. Langsiktige mål og utfordringar kan ikkje løysast på eitt år, men krev planlegging. Økonomiplanen gjeld for fire år i perioden 2021-2024. I økonomiplan er det fastsett målsettingar for økonomiske nøkkelområde, prognosar for driftsinntekter, rammer for driftsutgifter og det er laga ein plan for investeringar.

Det er eit krav i kommunelova at kommunen kvart år vedtek ein økonomiplan, der kvart år i planen er i balanse. Ein konsekvens av dette er at endringar som blir gjort i økonomiplan i samband med den vidare handsaminga må ha finansiering.

Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2021-2024 byggjer på føresetnader om at gjeldsgrad ikkje bør overstige 75%. Dette inneber at låneramma til kommunen ikkje bør vere høgare enn om lag 200 millionar. Framlegg til investeringsramma i planperioden er om lag 170 millionar. I dette ligg det ein føresetnad om ekstern finansiering på om lag 12,5 millionar til Heggviki-Bøen.

Rådmannen legg til grunn at kommunen i planperioden vil få reduserte inntekter og må redusere utgifter for å få betre marginar i drifta. Ein KOSTRA-gjennomgang gjort av Telemarksforskning (juni 2020) er basert på rekneskapen i 2019. Denne syner at dei aller fleste tenesteområda i Aurland kommune har eit vesentleg effektiviseringspotensiale. Det er lagt inn generelle effektiviseringskrav på 2-5% på dei fleste einingar. Innanfor nokre sentrale tenesteområde primært helse, barnehage og grunnskule er det lagt inn ytterlegare reduksjonar. Teknisk får vidareført ramma, men det er forventa endringar i prioriteringar for å møte nye utgiftsbehov. Dette gjeld primært drift av ny barnehage og fornying av grøntavtale.

Frå økonomiplanperioden 2021-2024 har kommunestyret vedteke at kommuneplanen sin handlingsdel skal inngå i økonomiplan. Samordning av desse styringsdokumenta er ei forenkling av plansystemet og i tråd med ny planstrategi. Samordninga sikrar god samanheng mellom handlingsdelen, økonomidelen og investeringsdelen.

Økonomidelen er inndelt i to hovuddelar:

Del 1: Analysedel

- Nasjonale forventningar
- Planoversikt
- Utviklingstrekk
- Økonomiske rammevilkår

Del 2: Tiltaksdel

- Handlingsdel
- Økonomidel
- Investeringsdel

2020 har vore eit spesielt år med Covid-19 pandemien. Nedstenginga av landet 12.mars har fått store konsekvensar for lokalt næringsliv og påverka alle sider av lokalsamfunnet og store delar den kommunale verksemda. Det er venta at konsekvensane av Covid-19 vil vare i fleire år og kanskje heile planperioden. Det er usikkerheit om kva konsekvensar Covid-19 får for inntekter og utgifter framover. Det er og usikker kva kompensasjonar som kjem frå staten.

Rådmann legg til grunn at grunn at reduksjonar i drift skal gjere kommunen betre rusta til å handtere for å møte utfordringar dei neste åra.

Konsekvensar av tiltak i økonomiplan for tilsette, organisasjon og brukarar må utgreiast nærare i samband med budsjettprosessen.

Rådmann sitt framlegg til økonomiplan vil ligge til grunn for budsjettarbeidet på einingane. Kommunestyret vedtek økonomiplan i møtet 5.november og budsjett i møtet 10.desember.

Aurland, 25.09.2020

Steinar Søgaaud

Rådmann

Handsaming:

Formannskapet sitt utleggingsvedtak FS 066/20 i møte 01.20.20 er innarbeidd i del 2 før utlegging til offentleg ettersyn.

FS-066/20 Vedtak:

Formannskapet vedtek med heimel i kommunelova § 14-3 fjerde ledd å legge framlegg til økonomiplan ut til offentleg ettersyn.

Kommuneplanen sin handlingsdel jf. plan og bygningslova §11-1 og §11-4 inngår i økonomiplanen.

Rådmann sitt framlegg med følgjande tillegg og endringar blir kunngjort:

Til punkt 6.2 Driftsrammer

Formannskapet endrar driftsrammene slik:

- Sentraladministrasjonen med reduksjon på 10 % i perioden 2021-2024. Ny driftsramme for 2021-2022-2023-2024 blir difor kr 19 916 100.
- Aurland barne- og ungdomsskule med reduksjon på 2 % i perioden. Ny driftsramme for 2021-2022-2023-2024 blir difor kr 18 251 000. Reduksjonen med eitt årsverk blir difor teken vekk.
- Pleie og omsorg med reduksjon på 2,5 % i perioden. Ny driftsramme for 2021-2022-2023-2024 blir difor kr 36 111 075.

Til punkt 7 Investeringsdel

- Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg blir endra til 4 mill 2021 og topp gjeldfinansiering i 2024.
- Turveg Heggviki-Bøen blir endra til 3 mill i 2021 og 24,9 mill i 2022.
- Ta inn turveg Brekkehagen-Flåm skule med 1 mill i 2022. Finansiert ved å redusere kostand på parkering/fortau Hopen-AIS frå 3 mill til 2 mill.
- Nærmiljøanlegg - leikeplassar. Flytte kr 500.000 frå 2024 til 2021.
- Flytte oppstart av Thy til 2021.
- Vangen kyrkje - sprekker i mur kr 400.000 i 2021. Finansiering ved å auke overføring frå konsesjonsavgiftsfondet

Kommunestyret sitt vedtak i KS-sak 079/20 i møte 05.11.20 vedtak av økonomiplan 2021-2024 er innarbeidd i del 2 tiltaksdel. Del 1 analysedel er ikkje oppdatert i høve til vedtaket.

KS-079/20 Vedtak:

Kommunestyret har vedteke økonomiplan 2021-2024 for Aurland kommune i tråd med kommunelova § 14-2 med følgjande tillegg og endringar:

- Gang og sykkelveg - Ekstern finansiering må vere på plass før kommunal finansiering blir nytta.
- Utbygging av Aurland Helsetun skal starte opp i planperioden.

2021	kr 2 mill
2022	kr 2 mill
2023	kr 40 mill
2024	kr 60 mill

Prosjektet skal finansierast med momskompensasjon, tilskot og auka låneopptak.

- Skulestrukturen ligg fast i perioden. Det skal framleis vere skule og barnehage både i Flåm og Aurland. Alternativet med samlokalisering av skule og barnehage i Flåm skal konsekvensutgreiast.

- Retting til punkt 6.2 Driftsrammer:

- Aurland barne- og ungdomsskule med reduksjon på 2 % i perioden. Ny driftsramme for 2021-

2022-2023-2024 blir difor kr. 18 501 420. Reduksjonen med eitt årsverk blir teken vekk.

Kommentar: I formannskapet sitt vedtak av 01.10.20 samsvarer ikkje tekst og tal. Reduksjonen skal vere på 2 % i planperioden, men summen vedtatt av formannskapet 01.10.20 tilsvara ein reduksjon på 3,44 %. Dette er no retta opp, og ny ramme for Aurland barne- og ungdomsskule blir difor kr. 18 501 420.

- Prosjekt trening for eldre - Eldrerådet ynskjer at eldre skal få tilgang til trimrommet i Aurlandshallen til faste tider på dagtid, med ein instruktør/treningskontakt/fysioterapi ved å søka eksterne midlar. Administrasjonen jobbar saman med Eldrerådet inn midlar.

- Telefon på legekontoret - Eininga går gjennom rutinane sine og arbeider fram ein ordning som gjev minimal nedstenging av telefonen i kontortid.

- Kommunen skal i planperioden avhende seg med alle kommunale bygg som ikkje lenger er aktuelle for kommunal tenesteproduksjon. Kommunestyret skal innan første kvartal av 2021 vedta kva bygg som skal seljast, med mål om å selje aktuelle bygg i løpet av 2021.

- Det blir oppretta ein konto for oppgradering og/eller utvikling av grendehus/samfunnshus/ungdomshus i kommunen. Summen er sett til 2 000 000 kr for 2021 og blir finansiert gjennom disposisjonsfondet. Utvalet for levekår utarbeider retningsliner for tildeling, vurderar søknader og tildeler midlar. Det er ikkje høve å søkje midlar til kommunale bygg frå dette fondet.

- Nærmiljøanlegg leikeplassar blir auka frå kr 500 000 til kr 700 000 i 2021. Det blir sett av 200 000 kr i 2022 og 100 000 kr i 2023. Formannskapet har vedtatt ei prioriteringsliste, når desse prosjekta er ferdigstilt skal Formannskapet vedta ei ny.

Finansiering

- Nærmiljøanlegg ABU blir redusert frå kr 1 400 000 til kr 1 200 000 i 2021.

- Nærmiljøanlegg Neset Flåm blir redusert frå kr 1 400 000 til kr 1 200 000 i 2022.

- Nærmiljøanlegg Flåm Skule blir redusert frå kr 1 100 000 til kr 1 000 000 i 2023.

- Arbeidet med å avklare rekkefølgekrav for Smiebakken blir prioritert i 2021.

Innhold

Rådmannen sine kommentarer	1
Handsaming:	3
1. Nasjonale forventingar.....	7
1.1 Kommuneleva	7
1.2 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging	8
1.3 FN sine bærekraftsmål.....	8
1.4 Kommuneproposisjonen 2021	10
2. Planoversikt.....	12
2.1 Kommunale planar	12
2.2 Regionale planar	13
3. Utfordringsbiletet og utviklingstrekk	15
3.1 Innsparingspotensiale og effektivisering	15
3.2 Folketalsutvikling	16
3.3 Utvikling i utgiftsbehov 2020-2040	18
3.4 Korona-situasjonen	19
4. Økonomiske rammeføresetnader	21
4.1 Kommunen sine inntekter	21
4.2 Inntektsføresetnader i planperioden.....	21
4.3 Utviklingstrekk for økonomiske måltal	22
5. Handlingsdel 2021-2024.....	29
5.1 Samfunnsutvikling	29
5.2 Samferdsle	32
5.3 Helse, sosial og omsorg	33
5.4 Barn og unge.....	35
5.5 Miljø, klima og beredskap.....	36
5.6 Kultur og folkehelse	36
5.7 Egedomsforvaltning	37
6. Økonomidel 2021-2024	38
6.1 Økonomiske måltal.....	38
6.2 Driftsrammer	39
6.3 Kommentarer til endringar i driftsrammer.....	39
7. Investeringsdel 2021-2024	41
7.1 Kommentarer til investeringsedel.....	43

DEL 1 - ANALYSE

1. Nasjonale forventingar

Staten sine forventningar til kommunane er forankra i mellom anna vedtekne lover med forskrifter og stortingsmeldingar.

1.1 Kommuneleva

Ny formålsparagraf:

*«Loven skal legge til rette for at kommuner og fylkeskommuner kan **yte tjenester** og drive **samfunnsutvikling** til beste for innbyggerne. Loven skal også legge til rette for kommunenes og fylkeskommunenes utøvelse av offentlig myndighet. Videre skal loven bidra til at kommuner og fylkeskommuner er effektive, tillitsskapende og bærekraftige.»*

Nye krav til økonomistyring:

§ 14-1 Grunnleggende krav til økonomiforvaltningen

«Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.

Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.

Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.»

Det er vidare lovfesta at kommunestyret sjølv skal vedta økonomiplan og budsjett og **finansielle måltal**. Oppfølging av måltala føreset at handlingsreglar vert lagt til grunn for økonomiplanlegginga.

Handlingsreglane bør minimum ta for seg desse storleikane:

- Fondsreservar
- Likviditet
- Langsiktig gjeld

Kommunane har sjølv ansvaret for god økonomistyring. Kommunar med sunn økonomi og eit handlingsrom vil kunne møte innstrammingar eller uføresette hendingar ved å redusere driftsresultatet eller bruke tidlegare avsetningar, utan at det får direkte konsekvens for tenestenivået. Økonomiplanen er eit sentralt styringsverktøy for ressursstyring.

Økonomiplanen skal ta utgangspunkt i kommuneplanen sine langsiktige mål, strategiar og utfordringar og seier korleis kommunen skal bruke sine ressursar for å nå vedtekne mål.

Økonomiplanen gjev såleis retning for utvikling av kommunen sine tenestetilbod og retning for samfunnsutvikling.

1.2 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Regjeringa har lagt fram sine forventningar til regional og kommunal planlegging for perioden 2019-2023. Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- Å skape eit bærekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk bærekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ein forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt bærekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

I det vidare har regjeringa gjort greie for sine forventningar til kommunane si planlegging innanfor fire tema.

Planlegging som verktøy for heilskapleg berekraftig utvikling - viktige stikkord er FN sine berekraftsmål, strategisk retning på samfunnsplanlegging, tilpasse planar etter kommunen sitt behov, digital dialog i planprosessar, digitale kartdata, planstrategi, konsekvensar av å stå aleine, tilgang til kunnskap og kompetanse

Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet – viktige stikkord er klimaansvar, klimatilpassing, ROS-analysar til grunn for plan og utbygging, grøn omstilling, dei norske verdsarvområda utviklast som fyrtårn for beste praksis innanfor natur og kulturminneforvaltning gjennom arealplanlegging, drikkevasstryggleik, verdiskaping i nye grønne næringar i jord og skogbruk, jordvern, berekraftig utvikling i fjellet.

Berekraftig areal- og transportutvikling – viktige stikkord er fortetting og transformasjon, legge til rette for sykling og gonge, utbygging av mobil- og breibandnett.

Byar og tettstader der det er godt å bu og leve – viktige stikkord er bustadpolitikk ein del av areal og samfunnsplanlegginga, førebyggje levekårs utfordringar og utjamne sosiale forskjellar, universell utforming, stiar og tuveggar sikrar naturverdiar og omsyn til overvatn, fysisk aktivitet og naturoppleving for alle, bruks og verneverdiar i vassdraga, helsefremjande bu- og oppvekstmiljø.

1.3 FN sine bærekraftsmål

Regjeringa legg til grunn at kommunen tek utgangspunkt i FN sine bærekrafts mål i si planlegging.



- Utrydde alle former for fattigdom i hele verden
- Utrydde sult, oppnå matsikkerhet og bedre ernæring, og fremme bærekraftig landbruk
- Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder
- Sikre inkluderende, rettferdig og god utdanning og fremme muligheter for livslang læring for alle
- Oppnå likestilling og styrke jenters og kvinners stilling
- Sikre bærekraftig vannforvaltning og tilgang til vann og gode sanitærforhold for alle
- Sikre tilgang til pålitelig, bærekraftig og moderne energi til en overkommelig pris
- Fremme varig, inkluderende og bærekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle
- Bygge robust infrastruktur, fremme inkluderende og bærekraftig industrialisering og bidra til innovasjon
- Redusere ulikhet i og mellom land
- Gjøre byer og bosettinger inkluderende, trygge, motstandsdyktige og bærekraftige
- Sikre bærekraftige forbruks- og produksjonsmønstre
- Handle umiddelbart for å stoppe klimaendringene og bekjempe konsekvensene av dem
- Bevare og bruke hav og marine ressurser på en måte som fremmer bærekraftig utvikling
- Beskytte, gjenopprette og fremme bærekraftig bruk av økosystemer, sikre bærekraftig skogforvaltning, bekjempe ørkenspredning, stanse og reversere landforringelse samt stanse tap av artsmangfold

- *Fremme fredelige og inkluderende samfunn med sikte på bærekraftig utvikling, sørge for tilgang til rettsvern for alle og bygge velfungerende, ansvarlige og inkluderende institusjoner på alle nivåer*
- *Styrke gjennomføringsmidlene og fornye globale partnerskap for bærekraftig utvikling*

(Utdrag frå Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019-2023).

1.4 Kommuneproposisjonen 2021

I kommuneproposisjonen presenterer regjeringa sin politikk for kommunesektoren og det økonomiske opplegget for kommunane neste år. Eit utval av statlege styringssignalar som ligg i kommuneproposisjonen 2021 er lista opp nedanfor:

- Regjeringa skal sette ned eit offentleg utval som skal gå gjennom inntektssystemet for kommunane. Regjeringa har bedt om ein heilskapleg gjennomgang og mellom anna behovet for utjamning mellom kommunane skal vere ein del av vurderinga.
- Framleis behov for endringar i kommunestruktur! Mange mindre kommunar med små og sårbare organisasjonar har ofte og manglande kapasitet til planleggings- og utviklingsarbeid. Det er ofte den daglege drifta som må prioriterast. For små kommunar med befolkningsnedgang vil det vere ei særleg viktig oppgåve å drive god samfunns- og næringsutvikling, også for å skape arbeidsplasser.
- Regjeringa tek sikte på å lege fram ei stortingsmelding om innovasjon i offentleg sektor. Dette vil vere ei oppfølging av «Digitaliseringsstrategi for offentlig sektor 2019-2025».
 - Digifin – spleiselag mellom stat og kommunar for å finansiere IT-utviklingsprosjekt
 - Digihjelpen – departementet gjev tilskotsmidlar til etablering av lågterskel «Digihjelpen-tilbod» i kommunane.
 - eByggesak – målet er at alle kommunar er i gang med eByggesak innan 2025
 - Nye digitale løysingar i Husbanken
 - Akson – felles kommunal journal
- Regjeringa legg opp til ei vidareføring av skjønnsmidlar til innovasjon i offentleg sektor.
- Effektivisering av kommunale tenester – framleis betydeleg potensiale for effektivisering i mange kommunar. I statsbudsjettet blir det lagt inn eit generelt effektiviseringskrav.
- Framlegg til endringar i barnevernlova – m.a. rett til ettervern fram til 25 år og krav om årleg tilstandsrapport til kommunestyret om barnevernstenesta.
- Framlegg til ny forskrift om miljø og helse i barnehagar
- Krav til lokal plan for iverksetting av «leve heile livet»
- Oppfølging av internkontrollkrava i kommunelova (ny kommunelov § 25-1 lovfestar eit minstekrav til internkontroll i kommunane)
- Framlegg til endringar i plan og bygningslova

- Krav til autorisasjon for eigedomslandmålarar frå 01.01.2021
- Framlegg til endringar i barnehagelova og opplæringslova om krav til å organisere oppgåvene som barnehagemynde og barnehageeigar
- Arbeid med ny rammeplan for SFO er starta opp.
- Innføring av nye læreplanar i grunnskulen frå skuleåret 2020/21.
- Det er varsla eit Kunnskapsløft innan spesialpedagogikk
- Framlegg om kompetansekrav for lærarar som skal undervise i norsk og samfunnsfag etter intergreringslova
- Det er forventa at berekraftsmåla bli lagt til grunn for samfunns- og arealplanlegging

2. Planoversikt

2.1 Kommunale planar

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2008-2020

Overordna mål for Aurland kommune:

Aurland skal vere ein kommune der folk vil bu og finn det attraktivt å satsa og utvikla seg i både jobb og fritid.

Delmål for Aurland kommune

- Auke folketalet i kommunen
- Mangfaldig næringsliv
- Arbeidsplassar - heile året
- Bustadar og tomter til alle som ynskjer å busette seg i kommunen
- Oppretthalde busetnad i grendene
- Attraktive fritidstilbod
- Trygt oppvekstmiljø
- God tenesteyting
- Arbeide for berekraftig samfunnsutvikling

Næringsutvikling

Aurland kommune skal ha heilårsarbeidsplassar innanfor eit mangfaldig næringsliv til alle som ynskjer å arbeide i kommunen.

Tettstadutvikling

Tettstadane i kommunen skal vere attraktive bustadområder og gode møteplassar for fastbuande og tilreisande. Tettstadutviklinga skal skje med grunnlag i arkitektonisk og kulturhistorisk medvit og vere funksjonelle for alle. Innfallsportane til kommunen frå sjø, veg og tog er prioriterte område som skal gje tilreisande eit godt førsteinntrykk. Aurlandsvangen skal vere eit sterk kommunesenter med eit breitt tilbod til innbyggjarar og tilreisande.

Lokal agenda 21 og berekraftig samfunnsutvikling

Aurland kommune vil trekke innbyggjarane inn i planlegging og samfunnsutforming i tråd med LA 21. Aurland kommune skal arbeide for å vere eit berekraftig samfunn med omsyn til biologisk, økonomisk, sosial og kulturell berekraft.

Bustadpolitikk

- busetnaden i heile kommunen skal oppretthaldast.

Folkehelse

- utvikle eit aktivt folkehelsearbeid på tvers av faglege og organisatoriske grenser. Førebygge meir, reparere mindre.

Universell utforming

- Aurland kommune skal så langt det er mogeleg legge til rette for deltaking og tilgjenge for alle innbyggjarane i kommunen.

Barn og unge

- i Aurland kommune skal det vere eit godt oppvekstmiljø for barn og unge. Barn og unge skal gis mogelegheiter for utvikling til å bli allsidige og sosiale personar.

Aurland kommune har vedteke desse kommunale planane, som legg føringar for den operative planleggingar gjennom årleg rullering av kommuneplanen sin handlingsdel, økonomiplan og budsjett:

1. Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel 2008-2020
2. Økonomiplan 2020 – 2023
3. Handlingsdel 2020 - 2023
4. Kommunedelplan for veg og trafikktrygging, av 07.03.2013
5. Kommunedelplan for næring, av 19.06.2014
6. Kommunedelplan for helse og omsorg, av 18.09.2014
7. Hovudplan for vatn og avlaup
8. Kommunedelplan for klima og energi, av 16.12.2010
9. Kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse 17.12.2015
10. Rusmiddel politisk handlingsplan, 09.06.2016
11. Demensplan
12. Landbruksplan for Årdal, Lærdal og Aurland kommunar, av 13.09.2018
13. Utviklingsmelding for skular og barnehagar (statusrapport)
14. Vedtekne reguleringsplanar og områderegeringsplanar
15. Strategi for breiband i Aurland kommune 2016-2020 av 10.3.16

I tillegg planar ovanfor er overordna ROS relevant for tiltak som blir gjennomført.

2.2 Regionale planar

I samband med samanslåing av fylka vert det jobba med regional planstrategi for det nye fylket Vestland. I planprosessen vart følgjande utfordringar fokusert på:

- Globalisering og sentralisering
- Migrasjon og inkludering
- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
- Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet
- Klimaendringane

Sogn og fjordane fylke har vedteke fleire regionale planar som er retningsgivande for Aurland kommune si planlegging:

Regional planføresegn for handel 2017

Regional plan for klimaomstilling 2018-2021

Regional plan for folkehelse 2015–2025

Regional plan for Nordfjella


Regional transportplan 2018–2027

Regional plan for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021

Regional plan for kultur 2019-2027 - Kultur for alle

Figuren nedanfor syner samanhengen mellom ulike planar og økonomiplanen.

NIVÅ



3. Utfordringsbiletet og utviklingstrekk

I eit utfordringsnotat datert 20.05.20 har rådmannen skissert utfordringsbiletet for kommunen i den kommande perioden. Utfordringsbiletet er oppsummert i 10 punkt:

- Arealknappheit
- Naturfarar og beredskap – flaum, skred og ulykker
- Omstilling til grøn teknologi og klimatilpassing i offentleg og privat sektor
- Effektiv styring av reisande – besøksforvaltning
- Transport og parkering
- Kommunale tenester – digitalisering, dimensjonering og struktur
- Slitasje på natur og kulturverdiar
- Finansiering av fellesgoder
- Nok bustader tilgjengeleg i rett variasjon
- Kvardagsaktivitet, omdøme og trivsel

Utfordringsnotatet er nytta som ein del av kunnskapsgrunnlaget i samband med rullering av kommunal planstrategi, planprogram for rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel og økonomiplan.

I økonomiplanarbeidet er det særleg relevant å synleggjere kva innsparingspotensiale kommunen har på ulike tenestoområde, den demografiske utviklinga og korleis det påverkar utgiftsbehovet innanfor dei sentrale tenestoområda, samt situasjonen med Covid-19.

3.1 Innsparingspotensiale og effektivisering

Ein økonomi- og behovsanalyse utarbeidd av Telemarksforsking (juni 2020) syner at Aurland kommune nyttar omlag 50 millionar meir på dei sentrale tenestoområda samanlikna med kommunen sitt «normerte» utgiftsbehov. Tabellen nedanfor syner at kommunen har eit vesentleg innsparingspotensiale. Tal frå tabellen er henta frå KOSTRA-rapporteringa 2019.

Meir-/Mindreutgifter fordelt på aktuelle KOSTRA-funksjonar. Mill. kr 2019

	Netto driftsutgifter (kr per innb.)		Mer-/mindreutgifter (mill. kr) sammenlignet med		
	Aurland	Lands-gjennomsnittet	Lands-gjennomsnittet	"Normert utgiftsnivå"	«Normert og inntektsjustert nivå»
Barnehage (F201, 211, 221)	8 628	9 072	-0,8	4,0	-8,7
201 Førskole	7 800	7 755	0,1	4,2	-7,3
211 Styrket tilbud til førskolebarn	0	717	-1,3	-0,9	-0,9
221 Førskolelokaler og skyss	828	599	0,4	0,7	-0,5
Administrasjon og styring (F100, 110, 120, 121, 130)	14 373	4 931	16,8	10,3	4,0
100 Politisk styring	1 666	448	2,2	1,6	0,9
110 Kontroll og revisjon	402	101	0,5	0,4	0,2
120 Administrasjon	9 569	3 676	10,5	5,6	1,5
121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	1 294	326	1,7	1,3	0,7
130 Administrasjonslokaler	1 443	381	1,9	1,4	0,8
Landbruk (F329)	435	114	0,6	-0,2	-0,3
329 Landbruk	435	114	0,6	-0,2	-0,3
Grunnskole (F202, 215, 222, 223)	19 147	14 107	9,0	8,1	-11,5
202 Grunnskole	14 249	11 119	5,6	4,9	-9,7
215 Skolefritidstilbud	933	291	1,1	1,1	0,2

222 Skolelokaler	3 714	2 431	2,3	2,1	-1,7
223 Skoleskyss	251	266	0,0	0,0	-0,3
Pleie og omsorg (F234, 253, 254, 261)	39 996	19 542	36,4	25,2	-1,4
234 Aktivisering eldre og funksjonshemmede	3 077	1 050	3,6	3,0	1,0
253 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon	12 172	7 325	8,6	4,4	-3,7
254 Pleie, omsorg, hjelp i hjemmet	21 767	10 159	20,7	14,8	0,4
261 Botilbud i institusjon	2 980	1 008	3,5	2,9	0,9
Kommunehelse (F232, 233, 241)	8 348	3 024	9,5	6,5	2,6
232 Forebygging - skole- og helsestasjonstjeneste	940	732	0,4	-0,3	-0,8
233 Forebyggende arbeid, helse og sosial	387	247	0,2	0,0	-0,2
241 Diagnose, behandling, rehabilitering	7 021	2 044	8,9	6,9	3,6
Barnevern (F244, 251, 252)	1 553	2 260	-1,3	-0,1	-3,5
244 Barneverntjeneste	531	724	-0,3	0,0	-1,1
251 Barneverntiltak i familien	403	275	0,2	0,4	-0,5
252 Barneverntiltak utenfor familien	619	1 260	-1,1	-0,5	-1,8
Sosialtjeneste (F242, 243, 281)	1 929	2 726	-1,4	0,0	-4,4
242 Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	1 220	1 021	0,4	0,9	-1,9
243 Tilbud til personer med rusproblemer	427	457	-0,1	0,2	-0,8
281 Økonomisk sosialhjelp	282	1 247	-1,7	-1,1	-1,7

Analysen frå Telemarksforskning er tilgjengeleg på kommunen sine heimesider:

<https://www.aurland.kommune.no/kunnskapsgrunnlag.528190.nn.html>


Tabellane nedanfor er og henta frå presentasjonen som Telemarksforskning hadde for Formannskapet 04.06.20.

3.2 Folketalsutvikling

Til grunn for kommunen sin økonomiplan må det ligge ein folketalsprognose.


Telemarksforskning (TF 2020) har presentert ulike scenario for folketalsutviklinga i Aurland kommune. Middelsalternative til TF er noko mindre optimistisk enn middelsalternativet til statistisk sentralbyrå (SSB).

Scenarier for Aurland



Ein god prognose for utviklinga i folketalet og dei ulike aldersgruppene er heilt nødvendig for å kunne gi realistiske vurdering av inntekter og utgifter i åra som kjem. Utgangspunktet for å planlegge omfanget og innretninga av tenester i kommunen er avhengig av kva prognosane seier om vekst eller nedgang i folketalet, og korleis folkesamansetninga er forventa å endra seg. Folketalet har dei siste åra auka i Aurland og utviklinga har vore betre enn forventa. For ei positiv utvikling framover vil det vere heilt avgjerande at næringslivet går godt og sysselsettinga i reiselivet vert oppretthaldt.


Alderssamansetning 2020-2040



SSB si middelframskriving ligg til grunn for figuren ovanfor. Denne er meir optimistisk enn middelalternativet til TF. Den optimistiske framskrivinga synet at aldersgruppa 0-19 har ein liten forventta auke i planperioden og at tal eldre over 80 år vil auke marginalt i planperioden fram til 2024. Den framskrivne veksten i kommande femårsperiode vil medføre at det i 2025 er om lag 1800 innbyggjarar i Aurland. Dette er igjen meir optimistisk enn TF sine prognosar.

3.3 Utvikling i utgiftsbehov 2020-2040

I framskrivingane av utgiftsbehov i figuren nedanfor er TF sitt middelalternativ for folketalsutvikling lagt til grunn. Figuren syner endringar med utgangspunkt i dagen utgiftsbehov (2020=100). Figuren syner at utgiftsbehovet i barnehage er forventta å auke med 35% i løpet av planperioden. Motsett utvikling i grunnskulen, der utgiftsbehovet er forventta å bli redusert med vel 15%. Frå skuleåret 2019/20 til 2020/21 er elevatalet i grunnskulane i Aurland redusert med 14 elevar. Relativt store kull går ut av ungdomstrinnet og små kull kjem inn frå barnehagen. Dette er biletet vi ser i denne fireårsperioden. Nedgang i elevtal i grunnskule får direkte konsekvensar for rammetilskotet frå staten.



Samla utgiftsbehovet innan pleie og omsorg (og bu og miljøtenesta) er venta å verte noko redusert i planperioden. På lengre sikt vil utgiftsbehovet igjen auke innan pleie og omsorg. Ein auke med om lag 30% fram til 2040, om vi ikkje greier å påverke utviklinga t.d. gjennom aldersvennleg stadutvikling og innføring av velferdsteknologi.


I rapporten frå Telemarksforsking er det gjort ei vurdering av behov for omsorgsplassar og brukarar i heimetenesta fram mot 2040. TF rapporten syner at det vil bli ein auke i behov for

heildøgnsomsorgsplassar med 9, og ein reduksjon i tal brukarar i heimebasert omsorg med 26. Netto endring i tal brukarar i pleie og omsorg er estimert til -17.

TF legg fleire føresetnader til grunn for analysen. Mellom anna ein generell føresetnad om 2 % reduksjon i behov for sjukeheimplassar og 2 % auke i behov for heimebaserte tenester. TF legg middelsalternativet for folketalsutvikling til grunn.

Framtidig behov for omsorgsplasser


- Vi har også utarbeidet en analyse av framtidig behov for omsorgsplasser for Aurland kommune, basert på framskrivingsverktøyet omsorgsbehov 20240.
- I utgangspunktet har vi lagt modellens anbefalte forutsetninger til grunn. Vi har benyttet M-scenariet (fra TF) og lagt til grunn 2 prosent reduksjon i behovet for heildøgns omsorgsplasser innen 2040 (som motsvares av tilsvarende økt behov for hjemmetjenester).
- Analysene viser at antall mottakere av bolig med heildøgns omsorg og hjemmetjenester anslås å reduseres med 17 fra 2018 til 2040 (dvs. +9 mottakere av bolig med heildøgns omsorg og -26 mottakere av hjemmetjenester).



Illustrasjon av framtidig behov for omsorgsplasser Aurland kommune. Antall mottakere 2010-2040. Kilde: Framskrivingsverktøyet omsorgsbehov 2040, beregninger ved TF.

3.4 Korona-situasjonen

Figuren nedanfor syner talet på heil arbeidsledige i Aurland frå januar 2018 til juli 2020. Kjelde er NAV.



Mykje av arbeidsløysa har vore relatert til permitteringar i reiselivsnæringa i samband med Korona-pandemien. Mange arbeidsledige fekk igjen arbeid i sommarvekene. NAV melder at tal heilt eller delvis arbeidsledige aukar igjen no på hausten. Konsekvensar av Korona-pandemien er venta å vare i fleire år.

4. Økonomiske rammeføresetnader

4.1 Kommunen sine inntekter

- Skatt på inntekt og formue for personar
- Rammeoverføring
- Eigedomsskatt på verk og bruk, primært eigedomsskatt på kraftverk
- Naturressursskatt
- Konesjonsavgift
- Andre statlege overføringar (tilskot m.m.)
- Utbyte frå ulike selskap

Kommuneporsjonen – inntektsrammer for 2021

Regjeringa legg opp til ein realvekst i frie inntekter på mellom 2 og 2,4 mrd.kroner i 2021. Inntektsveksten for 2021 som blir varsla i denne proposisjonen er rekna frå stipulert inntektsnivå i 2020 i revidert nasjonalbudsjett 2020 korrigert for verknadane av virusutbrotet. Korrigeringa blir gjort ved at veksten i 2021 blir rekna med utgangspunkt i skattenivået i 2020 slik det blir vurdert i saldert budsjett 2020, dvs før virusutbrotet. Ekstraordinære løyvingar blir halde utanom berekningsgrunnlaget når veksten frå 2020 til 2021 skal bereknast. Regjeringa legg opp til at kommunane får mellom 1,6 og 2,0 mrd når veksten av den føreslegne veksten i frie inntekter. Realveksten i kommunesektoren sine samla inntekter er vurdert til mellom 1,4 og 1,9 mrd kroner.

Det tekniske berekningsutval for kommunal økonomi har føreteke berekningar som viser at kommunesektoren kan få meirutgifter i 2021 på om lag 2 mrd. kroner knyta til den demografiske utviklinga. Herunder er 1,3 mrd. kroner knyta til tenester som blir finansiert av dei frie inntektene.

Frie inntekter – skatt og rammeoverføring – for Aurland kommune

Utvikling i frie inntekter vil variera mellom kommunane. Årsaker er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt frå år til år :

- endringar i inntektssystemet
- endringar i folketalet og alderssamansetjing
- endring i andre kriteriedata
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot eller småkommunetillegg
- endringar i skattegrunnlaget

4.2 Inntektsføresetnader i planperioden

Skatt på inntekt og formue privatpersonar:

Nytt budsjett for 2020 er regulert til kr 83.085.000. Dette er auka med 1,38 % Jf. kommuneproposisjonen for 2021. Ny sum blir då NOK 84.232.000. Denne summen blir vidareført i faste prisar.

Rammetilskot:

Rammetilskotet blir delvis kompensert av reduserte skatteinntekter. Skattereduksjonen utgjør

kr 2.600.000 og det er lagt inn ein forventa auke i rammetilskotet på NOK 600.000 som kompensasjon for dette.

Eigedomsskatt:

Eigedomsskatten auka med om lag NOK 10 millionar frå 2019 til 2020. Spesielt var auken stor på kraftstasjonen i Aurland 1 (NOK 7,3 millionar). Slik prisutviklinga har vore på kraft i 2019, vil dette få stor innverknad på Aurland kommune sine inntekter i 2022. Det er difor lagt inn ein reduksjon på NOK 5 millionar frå 2020 til 2022.

Integreringstilskot flyktningar:

Dette vil opphøyrer frå 2024.

Andre tilskot:

Dette er tilskot frå Husbanken i samband med investeringsprosjekt som er gjort tidlegare og som er avhengig av rentesatsen. Låg rente gir lågt tilskot.

Renteinntekter:

Svak oppgang i perioden.

Rentekostnader:

Avhengig av investeringsvolum og renteutvikling – er lagt inn svak auke i perioden. Føresetnadane i inntektsdelen er at samla lånegjelda ikkje overstig 200 millionar.

Utbyte:

Det blir i planperioden føresett at utbytte frå Aurland Eige AS blir NOK 2 millionar i 2021 og blir auka gradvis opptil NOK 8 millionar frå 2023.

Avdragsutgifter:

50 % av investeringane bør finansierast av eigenkapital og resten av låneopptak samt tilskot. Det er lagt opp til lik avdragsbetaling på NOK 10 millionar per år i planperioden. Det føreset at samla investeringssum frå 2021 til 2024 blir om lag kr 140 millionar eller at lånegjelda ikkje overstig NOK 200 millionar.


4.3 Utviklingstrekk for økonomiske måltal

Korrigert netto driftsresultat

Kommunen treng god økonomistyring og må legge opp til driftsresultat som sikrar økonomisk handlefridom. Dette inkluderer forsvarleg forvaltning av kommunen sine investeringar i realverdiar knytt til bygg, veg, vatn og avløp. Netto driftsresultat er eit måltal for storleiken av driftsinntektene som kan nyttast til avsetningar og finansiering av investeringar.

Netto driftsresultat bør korrigerst for netto bundne fondsavsetningar og endring i premieavvik når ein skal sjå på den økonomiske handlefridomen. Gjennom denne korreksjonen får ei teke omsyn til disposisjonar som kommunen er pliktig til å foreta ved levering av rekneskapen, og som i hovudsak gjeld periodiseringar av inntektsføringar som er gjort i rekneskapen.

Det tilrådde gjennomsnittsnivået frå Teknisk berekningsutval for kommunane (TBU), har lagt til grunn at eit korrigert netto driftsresultat på under 1 prosent av driftsinntektene gir avgrensa økonomisk handlefridom. Vidare legg dei til grunn at korrigert netto driftsresultat mellom 1 og 2 prosent gir moderat økonomisk handlefridom, medan over 2 prosent indikerer større grad av økonomisk handlefridom.




Netto driftsresultat er definert som driftsinntekter minus driftskostnader. Premieavvik og bruk og avsetning av fond blir trekt ut. Det blir tilrådd at dette resultatet i prosent av brutto driftsinntekter skal vere minst 2 %. Dei siste åra har ein lege under dette måltalet bortsett frå i 2018 då ein hadde eit svært godt år økonomisk mellom anna som følgje av utbytte på nær 10 mill.

Disposisjonsfond

Storleik, avsetnad og bruk av disposisjonsfondet gjennom året er dei viktigaste indikatorane på den økonomiske situasjonen til kommunen. Dette må koplust opp mot driftsvolumet, lånegjeld og investeringar.

Målsettinga er eit disposisjonsfond med ein grunnbehaldning på minimum 10% av kommunen sine inntekter. Dette utgjør mellom 25 og 30 mill. kroner, og er svært viktig for å betre botnlikviditeten til kommunen. (sjå graf likviditetsgrad). Det er og viktig med eit solid fond for å kunne møte uføresette utgifter og omstillingar i åra som kjem.




Disposisjonsfondet er frie midlar som er opparbeidd gjennom mindreforbruk i rekneskapen. Aurland kommune har eit måltal om at saldoen på disposisjonsfondet skal vere minst 10 % av brutto driftsinntekter. Dette vil utgjere 26 mill dersom inntektene blir om lag på same nivå som no. Grafen viser at me ikkje vil nå dette i 2023 med den framskrivinga som er gjort i økonomiplanen. Det er lagt inn ein samla avsetning av utbyte i perioden på kr 24 mill. Dette er tenkt øyremerka som ei finansiering av gangvegen Heggiki – Bøen, og er difor ikkje teke med som oppbygging av fondet.

Konsesjonsavgiftsfondet

Det blir tilført NOK 17,4 millionar i konsesjonsavgifter per år (2019). Dette blir indeksregulert kvart 5. år. Neste indeksjustering er 2025. Pengane blir overført til bunde fond og blir brukt i samsvar med vedtekter for bruken av fondet. Måltal er at det skal vere ein saldo på minst NOK 20 millionar ved utgangen av 2024. Figuren nedanfor syner historiske tal frå 2010 til 2019 og prognosar for perioden 2020 til 2024.

Bruk av konsesjonsavgiftsfondet til finansiering av investeringar er redusert i høve til tidlegare år.

Oppbygging av konsesjonsavgiftsfondet fører til at kommunen får betre likviditet.




Gjeldsgrad

Gjeldsgrad er definert som samla lån til egne investeringar i prosent av brutto driftsinntekter. Gjeldsgraden til Aurland kommune har vore relativt låg, men viser kraftig auke frå 2016. Slik det ser ut vil gjeldsgraden fortsette å auke fram til 2022. Høge låneopptak vil ytterlegare presse drifta til kommunen då renter og avdrag blir ført som utgift i driftsrekneskapen. Skal kommunen nå eit mål om at gjeldsgraden ikkje skal overstige 75% i planperioden, må det brukast meir eigenkapital i finansieringa av investeringane enn det som er lagt til grunn i framlegget frå rådmannen, eller at investeringsnivået vert redusert. Store investeringar som er starta opp t.d. barnehage kan likevel ikkje stoppe opp.

I figuren nedanfor syner perioden 2010 til 2019 historiske tal. For 2020 er vedteke budsjett lagt til grunn. Prognosar for 2021-2024 tek utgangspunkt i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan. Investeringar i pleie og omsorg ikkje ligg inne i prognosen.

Søylene med raud farge markerer åra i planperioden der gjeldsgrad vil vere høgare enn måltalet på 75%.



Likviditetsvurdering


Likviditetsanalysen sitt føremål er å kartleggje kommunen sine laupande forpliktingar. Den mest vanlege form for likviditetsanalyse er å rekne ut kommunen sin likviditetsgrad. Det er eit nøkkeltal som kjem fram ved å samanlikne storleiken på kommunen sine omløpsmidlar med storleiken på kommunen si kortsiktige gjeld med

Kommunen sine mest likvide omløpsmidlar inneheld:

- Kontantar, bankinnskot
- Kassakreditt
- Kortsiktige aksjar og andre verdipapir
- Kundefordringar
- Andre kortsiktige kundefordringar

Aurland kommune har høge inntekter, men likevel har likviditeten til tider vore krevjande. Både inntekter og utgifter i kommunen kjem i ulike periodar. Det er difor viktig å ha ein solid botnlikviditet for å kunne dekke dei daglege betalingsforpliktingane. Det er nødvendigvis ikkje samanheng mellom høge inntekter (omsetnad) og god likviditet.

I tillegg vil høg aktivitet innan drift og investeringar påverke kommunen sin likviditetssituasjon. Likviditetsgrad 2 bør vere større enn 1 (>1). Dette er minimum, og det er viktig å vere klar over at målingane er statiske som viser likviditetsstatusen på eit gitt tidspunkt. Tabellen syner likviditet per 31.12 kvar år. Likviditetsgraden bør kontrollerast jamnleg.



DEL 2 – TILTAK

5. Handlingsdel 2021-2024

Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som viser korleis vedtekne planar skal følgjast opp med tiltak. Kravet om handlingsdel er nedfelt i §11-1 og § 11-4 i plan- og bygningslova. I tråd med kommunestyret sitt vedtak i februar 2020 inngår handlingsdelen no som ein del av økonomiplan. Krav til offentlig ettersyn følgjer då kommunelova sine føresegner om økonomiplan.

Handlingsprogrammet viser kommunen sine prioriteringar av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver. Dei utviklingsområda som er prioritert i handlingsdelen kan vere forankra i kommunale planar, lokale vedtak eller følgjer av nasjonale føringar.

Samanhengen med økonomidel og investeringsdel er viktig. Eventuell finansiering av tiltak i handlingsdelen må innarbeidast i økonomidelen eller i investeringsdelen.

Handlingsdelen er delt inn i sju samfunnstema:

1. Samfunnsutvikling
2. Samferdsel
3. Helse, sosial og omsorg
4. Barn og unge
5. Miljø, klima og beredskap
6. Kultur og folkehelse
7. Eigendomsforvaltning

5.1 Samfunnsutvikling

Kommuneplanen

Planstrategien syner kva overordna planar som er prioritert i perioden 2020-2023. Revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel må ha høg prioritet. I samband med detaljreguleringsplanar opplever kommunen no ofte motsegner frå sektormyndene på spørsmål som ikkje er avklara i overordna kommuneplan. Framdrifta som er skissert i planstrategi inneber at samfunnsdel kan vedtakast i 2021 og at arealdelen kan vedtakast i 2022. I kommunestyret sitt vedtak av planstrategi 2019-2023 vart det vedteke at arealdelen skal starte første kvartal 2021. Det er tilrådd at økonomisk ramme for revisjon av kommuneplan (samfunnsdel og arealdel) vert innarbeid i budsjett med prosjektfinansiering.

	Planarbeid/år	2020	2021	2022	2023
	Overordna planar				
1	Kommuneplan samfunnsdel				
2	Kommuneplan arealdel				
3	Kommunedelplan for kulturarv				
4	Kommunedelplan for veg og trafikktrygging				
5	Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet				
6	Hovudplan for vatn og avlaup				
	Kommunale reguleringsplanar				
7	Områdeplan Flåm				
8	Områdeplan Aurlandsvangen				
9	Detaljregulering Steingjerde i Flåm - bustadføre mål				
10	Detaljregulering Terahagen, næringsareal				
11	Detaljregulering Smiebakken				
	Planar og styringsdokument etter kommunelova				
	Økonomiplan m/ handlingsdelen til kommuneplanen				
	Årsbudsjett				
	Årsrekneskap				
	Årsmelding				
	Planstrategi				
	Kommunal planstrategi 2024-2027				

Utvikle sentrumsområda i bygdene

I planperioden er det tilrådd å starte ein områderegulering for Aurlandsvangen. Det er føresett at denne kjem etter vedtak av kommuneplanen sin arealdel. I eiga sak til kommunestyret om Gondol til Prest la kommunestyret dei same premissane til grunn.

Områderegulering i Flåm er godt i gang. Det er førespegla at ein planframlegg kan leggst ut til offentleg høyring hausten 2020. I tillegg til spørsmål om arealbruk er det i områdeplan for Flåm komplekse problemstillingar i høve til naturfare som må avklarast i planprosessen og som vil sette rammer for kva utbygging det kan planleggast for.

Reguleringsplan for Undredal vart vedteken i 2019 (stadfesta i 2020). I reguleringsplanen ligg det mellom anna planar for gatetun og opparbeiding av parkeringsareal og snuplass ved «Pottetofot». Både parkering/snuplass og gatetun vil vere prosjekt som krev at det blir jobba vidare med detaljplanlegging. Tiltaka er nærare omtala i investeringsdelen.

Reguleringsplan for Gudvangen vart vedteken i 2013. Konkrete tiltak som gjeld etablering at parkering i Gudvangen er innarbeidd i investeringsdelen.

Andre aktuelle spørsmål knytt til sentrumsområda i kommunen er toalett, søppel og skilting.

Aurland parkering

Etablering av Aurland parkering er prioritert i planperioden.

«Byggjeklare tomter»

Eit innspel frå temamøte i folkevalde utval var at kommunen skal prioritere å ha byggjeklare tomter. Kommunestyret vedtok i 13.02.20 Bustadpolitisk plan som eit oppfølging av Bustadstrategi for Sogn, utarbeidd av Sogn regionråd. I vedteken bustadpolitisk plan er det tre hovudtema: 1) Generell bustadutvikling, 2) Bustadosiale forhold og 3) Organisering og bustadforvaltning. Heile planen er tilgjengeleg på kommunen sine heimesider: <https://www.aurland.kommune.no/bustadpolitisk-handlingsplan-er-vedteken.6304060-528439.html>

Utdrag frå planen s.9 (byggjer på tidlegare vedteken økonomiplan)

Ryggjatur er i gang med utbygging, mens Kannikteigen ligg ute til høyring per januar 2020. Kannikteigen og Ryggjatur møter behovet om fleire leilegheiter i Aurland, salet av leilegheiter vil forhåpentlegvis frigjere eksisterande bustadar slik at ein får betre sirkulasjon på bustadmarknaden.

Utbygging i Ty ligg inne i vedteken økonomiplan med kjøp av grunn i 2021 og opparbeidinga 2022. Dvs. at området kan verte ferdigstilt og klart til tomtekjøp i 2024. Kommunen har signert ein intensjonsavtale med ein entreprenør for privat utbygging av Fretheimshaugane del 2, men for at utbygginga skal verte realisert må det på plass nytt høgdebasseng i Flåm, noko som ikkje ligg inne i den vedtekne økonomiplanen.

I områdeplanen for Undredal er det opna for 20 nye bueningar gjennom fortetting og utviding av Hjødna bustadfelt. Her ligg det ikkje inne noko midlar i den vedtekne økonomiplanen.

Realisering av Fretheimshaugane del 2 føreset nytt høgdebasseng i Flåm. Høgdebassenget er prioritert i planperioden. Det er inngått utbyggingsavtale for bustadfeltet.

Utbygging Ty er prioritert i planperioden og omtala i investeringsdelen. Flytte oppstart av Thy til 2021 (Jf. vedtak FS)

Smiebakken er det planlagt arbeid med reguleringsplan og detaljplanlegging parallelt i 2024.

Kommunen har til saman 50 bueningar til utleige. Einingane blir disponert av NAV, teknisk, bu og miljøtenesta og pleie og omsorg. Eit av tiltaka som blir føreslått i bustadpolitiske plan er å utgreie organisering av bustadforvaltning i kommunen.

Frå 2020 har kommunen fått ansvar for tilskot til bustadtilpassing. Ramme for tilskot til bustadtilpassing blir finansiert av oppsparte fondsmidlar i 2021.

Utgreiing av tiltak for å betre utnytting av eksisterande bustadmasse vert prioritert i planperioden. Dette omfattar utgreiing av nullkonsesjon og utgreiing av tilskot og lån til oppgradering av bustad til heilårsbustad.

Integrering av tilflyttarar

Aurland kommune er med i prosjektet «Sogn for alle» i regi av Sogn regionråd for integrering og inkludering av innvandrarar/flyktningar.

I samband med Korona er det blir større usikkerheit med omsyn til jobb og inntekt for mange arbeidsinnvandrarar i Aurland. Det er ein reell fare for at fleire kan få økonomiske utfordringar. Det vil vere viktig å vere merksame på låginntektsfamiliar. Aurland kommune legg gjennom samarbeid med idrettslaget, gjennom fritidsklubben og kulturskulen til rette for at det skal vere låg kostnad for å delta på aktivitetar i fritida. Ein slik profil vert vidareført i planperioden.

Tilrettelegging for næring og næringsareal

Områdereguleringa i Flåm er i stor grad tilrettelegging for næring og har høg prioritet. Regulering av næringsarealet på Terahagen er planlagt å starte opp i 2023. Arbeidet med kommuneplanen kan påverke prioriteringar etter 2022.

I høve til næringsarbeidet i kommunen vil dette vere prioriterte oppgåver/tiltak i planperioden:

- Gjennomgang av faste tilskot og bruk av konsesjonsavgiftsfondet
- Tilrettelegging for næringsutvikling. Dette omfattar både tiltak innanfor drifta og tiltak omtala i investeringsdelen.
- Grøn omstilling og omstilling i høve til Korona
- Driftstilskot til Visit Sognefjord og Nærøyfjorden Verdsarvpark vert vidareført i planperioden.

Besøksforvaltning

Kommunen jobbar for løysingar for fellesgodefinansiering og deltek i utviklingsarbeid som gjeld besøksforvaltning.

Natur- og kulturforvaltning og verdsarv

Kommunane har frå 2020 fått overført forvaltningsansvar for verdsarvmidlane. For Vestnorsk Fjordlandskap – Nærøyfjordområde er 4 millionar til disposisjon. Kommunane har fått overført oppgåva utan midlar til administrasjon. Kostnader med forvaltning av ordninga skal prioriterast innanfor driftsramma frå 2021. Overføring til vertskommunen blir auka.

For Verdsarvområdet vert det jobba med ein revisjon av forvaltningsplan og revisjon av restaureringsplan. Kommunen er representert i arbeidsgrupper og deltek i arbeidet. Planane vil mellom anna legge føringar for kommunen si utøving av skjønn i diverse sakshandsaming.

Det blir jobba med å etablere UNESCO Verdsarvsenter i Aurland. Kommunen skal samarbeide med Nærøyfjorden Verdsarvpark om å få på plass eit Verdsarvsenter i Aurland.

Breibandutbygging

Breibandutbygging i kommunal regi starta i 2003. Kommunen har i strategi for breiband eit mål om å få alle område opp på NGA-aksess. Tiltak i planperioden er kommentert i investeringsdelen.

5.2 Samferdsle

Turveg Heggviki-Bøen

Eit prioritert prosjekt i planperioden er realisering av turvegen frå Heggviki til Bøen. Turvegen er ferdig regulert og arbeidet med å sikre seg rettar til grunn er i gang. I investeringsdelen ligg det føresetnader om ekstern finansiering. Prosjektet har ei investeringskostand på NOK 30 millionar.

Trafikktryggingsarbeid

Oppstart av rullering av trafikktryggingsplan er vedteke i 2021. Planen vil legge føringar for vidare trafikktryggingsarbeid. Trafikktryggingstiltak er innarbeidd i investeringsdelen med ei rame på NOK 900.000 i økonomiplanperioden. Kommunale trafikktryggingsmidlar utløyser ofte trafikktryggingsmidlar frå fylkeskommunen når tiltaka er forankra i trafikktryggleiksplan.

Arbeid med å trygge skulevegen i Flåm gjennom å få på plass turveg Brekkehagen – Flåm skule er ikkje prioritert i planperioden. Det er uklare grunneigarforhold og kommunen prioriterer ikkje dette prosjektet no.

Nasjonal og regional transportplan

Rassikring av E16 i Nærøydalen og sikring mellom Voss og Bergen er viktige for samferdsleprosjekt for Aurland.

Aurland kommune har meir enn 60km med tunnel og fokus på tunneltryggleik er viktig både for innbyggjarane i kommunen og generelt i høve til beredskap. Kommunen må vere pådrivar for tunnelsikring.

På den andre sida, fører arbeid med oppgradering av tunnelar til utfordringar med kolonne og nattestenging. I fleire år har det vore nattarbeid i Gudvangatunnelen, og frå 2022 i Lærdalstunnelen. Stenging av Lærdalstunnelen på natt utan kolonne vil påverke både beredskap, pendling og forsvarlegheita i etablerte interkommunale samarbeid. Fram mot 2022 må dette vere eit område der kommunen har merksemd.

Fleire fylkeskommunale vegar i kommunen er svært rasutsette. Kommunen må jobbe for at desse prosjekta vert prioriterte ved fordeling av rassikringsmidlar.

Tilkomsten til Flåm sentrum er fylkesveg. Kommunen må vere pådrivar for at det vert god trafikkflyt i til og frå og i Flåm sentrum

Aurland kommune skal gje uttale når regionale og nasjonale transportplanar er på høyring.

5.3 Helse, sosial og omsorg

Psykologtenesta

Samarbeidet er per no formalisert som tenestekjøp frå Lærdal kommune. Psykologtenesta er organisert som ein del av Sogn LMS. Det blir jobba med ein ny vertskommuneavtale som skal forankrast i kommunestyra. Ein psykolog er tilsett. Det er utfordringar med stabilitet i tenesta. Det må komme fram i tenesteskildringar kva tenestetilbod det skal vere i kommunen.

Legetenesta

I samband med Samhandlingsreforma vart legetenesta i kommunen utvida med to legar pluss turnus, til tre legar pluss turnus. Frå 2020 er det i tillegg tilsett felles kommuneoverlege for tre kommunar ved Sogn LMS. Aukn i faste stillingar kom som følgje av auka krav til legetenesta som følgje av samhandlingsreforma og som følgje av overgang til stasjonær legevakt som totalt sett er meir ressurskrevjande. Aukn i legeårsverk på 1,2 stillinga gjer at Aurland kommune rekna per innbyggjar har svært god legedekning og relativt høge kostnader på kommunehelseteneste. Det siste året har kommunen har store utfordringar med å rekruttere til ledige stillingar og dette har ført til auka vikarbruk. Strengare kvalifikasjonskrav til legar som skal jobbe i allmennpraksis er medverkande til rekrutteringsutfordringane. Det tilrådd å utgreie utvida interkommunalt samarbeid innan legetenesta med føremål å sikre forsvarlege tenester, betre vilkår for rekruttering og reduksjon i utgifter til kommunehelse. Økonomiske måltal er ikkje innarbeidd i økonomidelen.

Telefon på legekontoret

Kommunestyret vedtek at eininga går gjennom rutinane sine og arbeider fram ordning som gjev minimal nedstenging av telefon i kontortida.

Omstilling pleie og omsorg

Eit omstillingsprosjekt i pleie og omsorg vart starta i 2016. Det har i prosjektet vore fokus på tenestestandardar, turnus og heiltidskultur, organisering og leiing, kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi. Prosjektet held fram og det er særleg fokus på kvardagsrehabilitering og

velferdsteknologi. Innføring av velferdsteknologi skal frigjere ressursar i drifta på sikt. I samband med innføring er det venta auka kostander. Det er innarbeidd ei ramme til innføring av velferdsteknologi i investeringsdelen.

Det er utarbeid ein felles strategi for kompetanse og rekruttering for ÅLA-kommunane. Strategien må forankrast i kommunen og tiltak følgjast opp.

Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg er utgreidd som ein del av omstillingsprosjektet i pleie og omsorg. Det er utarbeidd skisser for planlagt utbygging av Aurland helsetun. Vidare prosjektering av nybygg er planlagt i planperioden, men det er ikkje sett av midlar til sjølve investeringa.

«Leve heile livet» er ei kvalitetsreform for eldre.

Reforma «Leve hele livet» består av 25 konkrete og utprøvde løysingar på område der det er det er kjent at tilbodet til eldre kan blir betre:

- Eit aldersvennleg samfunn
- Aktivitet og fellesskap
- Mat og måltid
- Helsehjelp
- Samanheng i tenestene

Det er forventa at alle kommunar vedtek ein lokal plan for gjennomføring av reforma. Kommunar med vedteken plan vil bli prioritert i samband med tilskot.

Prosjekt trening og eldre

Kommunestyret vedtok at eldrerådet jobbar saman med administrasjonen med ekstern finansiering. Eldrerådet ynskjer at eldre skal ha tilgang til trimrommet i aurlandshallen i faste tider på dagtid, med instruktør.

Bu- og omsorgssenter for psykisk sjuke med behov for langvarige kommunale tenester. Prosjekt i regi av Lærdal kommune. Lærdal kommune er prosjektleiar. Prosjektet har motteke prosjektmidlar, men vidare framdrift er uavklara.

Bu og miljøteneste

Etablering av eigen tenesteeining for yngre brukarar kom som ei tilråding i prosjektet *Omstilling i pleie og omsorg 2017*. Prosjektet tok utgangspunkt i at dei kommunale helse- og omsorgstenestene skal gjere det mogleg for brukarane å klare seg best mogleg i kvardagen og i livet sitt, trass sjukdom, problem og funksjonsnedsetting. Omsorg 2020¹ understrekar meistrings-perspektivet i tenesteutforming og tenesteyting i helse og omsorg. Dette inneber at det er brukaren sine eigne ressursar som skal mobiliserast for å endre, betre eller takle eigen livssituasjon. I planperioden skal eininga ha eit særleg fokus på livsmeistring og dagtilbod. I førre periode har tenesta hatt fokus på å redusere tenestekjøp frå private.

Kommunale tenester NAV

Kommunale tenester i Nav omfattar sosiale tenester og gjeldsrådgjeving, samt flyktingtenesta. Dei sosiale tenestene i Nav kontoret vil i planperioden kunne få meirarbeid knytt til å handtere konsekvensar av Covid-19.

¹ Regjeringa si plan for omsorgsfeltet 2015-2020

Saman med NAV stat er det starta opp eit utviklingsprosjekt i Nav region Sogn. Målsettinga i prosjektet er å sikre og vidareutvikle heilskaplege NAV-tenester for brukarane i region Sogn. Føremålet er å

- Etablere regional struktur på NAV-kontortenestene
- Gje ny giv for kompetanseutvikling
- Avdekke behovet til lokale og regionale bedrifter og bransjar

Rådmenna i deltakarkommunane er med i styringsgruppa saman med leiinga i NAV Stat. Undervegs i prosjektet vil det vere naturleg å vurdere om det er hensiktsmessig å opprette ny politisk sak om samanslåing av Nav Aurland og Nav Lærdal. Dei to kommunane samarbeider om oppgåveløysing per i dag, men det er tungvint med to einheiter for å løyse oppgåvene. Kostnadsreduksjonen vil bli i form av effektivisering.

Tilskot til bustadtilpassing er ei ny oppgåve for kommunane frå 2020. Rammer for tenesta er innarbeid i økonomidelen frå 2021.

Busetting av flyktningar

Flyktningtenesta er finansiert av integreringstilskot frå staten. Integreringstilskot vert gitt per flyktning i ein integreringsperioden på 5 år. Frå 2021 vil det vere reduksjon i tilskot på grunn av stopp i busetting. År 2024 er siste år Aurland kommune har flyktningar i integreringsperioden på 5 år. Konsekvensar for tilsette, organisasjon og brukar må utgreiast. Redusert inntekt frå staten er synleggjort i økonomidelen.

5.4 Barn og unge

Skule og barnhagestruktur

Elevtalet i grunnskulen er redusert med 14 elevar frå skuleåret 2019/20 til skuleåret 2020/21. Demografiframskrivingane framover syner at elevtalet vil gå ytterlegare ned. Kommunestyret har i fleire rundar før vedteke at skulestruktur no ligg fast og at det skal vere barnehage i både Aurland og Flåm. Ny barnhage i Aurland vil stå ferdig i 2021. Ny barnehage skal ha fire avdelingar og 81 plassar (merk at barn 0-3år tel 2 plassar). Det ligg i tillegg ein mogelegheit til å byggje fleire avdeling. Ny barnehage tek såleis høgde for ein framtid endra barnhagestruktur. Innspel frå folkevalde frå folkevald utval til økonomiplanarbeidet gjekk på at ein bør utgreie «oppvekstsenter» i Flåm der skule og barnehage vert samorganisert. Kostander med ei ekstern utgreiing blir innarbeidd i budsjett med prosjektf finansiering. *Skulestruktur ligg fast i perioden (jf. KS-vedtak)*

Tiltak for å tilpasse driftsrammer til endra elev i grunnskulen kommentert og innarbeid i økonomidelen. Føresetnader knytt til drift av nytt barnehagebygg er at det må gjerast strukturelle tilpassingar innanfor teknisk sitt ansvarsområde.

Fagfornyinga – nye læreplanar i grunnskulen

Fagfornyinga kjem med krav til bøker utstyr og anna tilrettelegging frå skuleeigar. Det er føresett at skuleeigar legg til rette for innføring av nye læreplanar og gjer naudsynt oppgradering av læremiddel, lærebøker og utstyr. Statleg tilskot til fagfornyinga på om lag NOK 60.000 er utbetalt i 2019 og 2020. Kostander til utskifting av læremiddel og IKT i skulen er innarbeidd i økonomiplan med ei ramme på NOK 1 million.

«System for styrka læring»

Regionalt program for skuleutvikling i perioden 2012-2021. Skulane og barnehagane er med i denne satsinga. Følgje opp framdriftsplanen i "Kommunal plan for arbeid med god psykisk helse i barnehage og skule i Aurland kommune 2019 – 2023" og vidareutvikle fagnettverka er fokus. Det vert jobba med ei vidareføring og innhald i eit nytt utviklingsprogram.

«På tvers»

Tverrfagleg prosjekt for betre samordning av tenester til barn og unge i kommunen. Prosjektet held fram ut 2021. Fokus på tverrfagleg innsats retta mot barn og unge, og arbeid med tiltakskort. Prosjektet har eigen prosjektleiar med ressursar frigjort internt.

5.5 Miljø, klima og beredskap

Energi og miljørådgjeving Aurland (EMSA) – vidareføring med fokus på utvikling av nye konsept. I fase 2 av prosjektet er det utarbeidd ei rapport som skisserer mogeleg konsept for vinterhage slamavskiljar kombinert med vinterhage i Flåm. Konseptet er tema i områdeplan for Flåm.

Kommunen si oppfølging av klima og miljøspørsmål blir eit viktig tema i kommuneplanen. Aktuelle tema er grøn omstilling, nullutslepp og klimatilpassing. Mål og strategiar for klima og miljø skal innarbeidast i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Vassmiljø

Oppfølging av vassdirektivet – lokal tiltaksanalyse (ISVO), regional forvaltningsplan og vassområdeplan ligg til grunn for gjennomføring tiltak. Kommunen skal medverke i arbeid med ny regional forvaltningsplan. Aurland kommune er ikkje ein del av spleiselaget som er etablert i Vassregion Sogn. Arbeidet med vassforvaltning vert koordinert lokalt. Dette bør vurderast på nytt for planperioden 2021-2026. Arbeid med tilsynsstrategi for avlaup er starta opp. Ny hovudplan for vatn og avlaup skal reviderast i planperioden og skal omfatte «vassmiljø».

Konsesjonssaker

Revisjon av Aurlandskonsesjonen frå 1967/72 er ikkje starta opp, men kommunen har sendt krav om revisjon av vilkår for Aurlandsvassdraget. Fornying av reguleringskonsesjonar frå 1940-talet for Kleavatn, Seltuftvatn og Reinungavatn, og Kjosfoss m.fl. ligg til handsaming hjå NVE.

Statnett planlegg bygging av ny 420kV frå Sogndal til Aurland. Nye leidningar blir hovudsakelig etablert parallelt med dei gamle leidningane, men vil bli bygd i heilt nye spenn over Vassbygdevatnet og Sognefjorden. Saka ligg til handsaming hjå NVE. Det gamle leidningsnettet vil bli fjerna.

Klimatilpassingstiltak

Etablere ladepunkt til el-bil ved kommunale parkeringsområde er eit tiltak i planperioden. Kommunen har motteke tilsagn om tilskot til å etablere ladestasjonar for el-bilar. Fase ut fossile tenestebilar med lav- og nullutsleppskøyretøy der det er føremålsteneleg. Kommunal eigendel er innarbeidd og kommentert i investeringsdelen.

Kommunen samarbeider med Sogn Jord og hagebruksskule og SIMAS om eit biokolprosjekt.

Beredskap

To prosjekt som gjeld beredskap er innarbeidd i investeringsdelen. Dette gjeld sikringsarbeid Hallinggrovi og Geithusberget. Beredskap er elles eit viktig tema innanfor dei fleste driftsområda i kommunen og såleis eit kontinuerleg arbeid.

5.6 Kultur og folkehelse

«Aktiv kvardag for alle» som eitt av dei overordna måla for kommunal tenesteyting – fokus på nærmiljøanlegg og «alders vennlig samfunn».

Spelemiddelsøknader vert utarbeidd på grunnlag av årleg rullering av handlingsplan for spelemiddelordninga. Ramme for nærmiløanlegg er innarbeidd i investeringsdelen. Det er lagt inn ein føresetnad om at prosjekta får tildelt spelemidlar i finansieringa.

Sti og løypeplan er under arbeid og skal på høyring hausten 2020. Tiltak for å følgje opp plan må eventuelt innarbeidast ved seinare rullering av økonomiplan eller prioriterast i budsjett.

Ei frivilligmelding (strategidokument) skal ligge til grunn for utarbeiding av planar og politikk i høve til frivillige. Arbeidet med frivilligmelding er starta opp.

Kulturminneplan inkludert pilotprosjekt i samarbeid med Riksantikvaren om kulturminne og klima. Planutkastet har vore på høyring. Sluttbehandling gjenstår. Samarbeidsprosjektet med Riksantikvaren om klima og kulturminne er i sluttfasen.

5.7 Eigedomsforvaltning

I planperioden er det lagt inn årlege investeringar på omlag NOK 10 millionar innan vatn og avlaup med ei samla ramme på NOK 37 millionar i planperioden. Investeringar innan VA inngår i sjølvkostrekneskapen for VA.

Behov for vedlikehald av kommunale bygg er kartlagt. Det er estimert eit etterslep på om lag 5 millionar. Teknisk får ikkje justert ramma i planperioden og skal i samband med budsjettarbeidet vurdere konsekvensar ved å prioritere vedlikehald.

I planperioden vert ny barnehage realisert. Sjå kommentarar under skule og barnehage.

I planperioden er det tilrådd ein gjennomgang av kommunal bygningsmasse med målsetting om sal av kommunale bygg. Etterbruk av Vangen barnehage skal vurderast breitt med tanke på eventuelle behov innan pleie og omsorg og bu og miljøtenesta. *Kommunestyret vedtek at kommunestyret innan første kvartal 2021 skal vedtak kva bygg som skal seljast.*

Det er og tilrådd ein gjennomgang av reglar for tilskot til private vegar og bruer, med målsetting om nedklassifisering av kommunale vegar og reduksjon i kostander.

Avtale på vedlikehald av grøntareal skal reviderast. Omfang av avtale bør vurderast kritisk for å redusere kostnader.

Grendehus/samfunnshus/ungdomshus

Det blir oppretta ein konto for oppgradering og/eller utvikling av grendehus/samfunnshus/ungdomshus i kommunen. Summen er sett til 2 000 000 for 2021 og blir finansiert gjennom disposisjonsfondet. Utvalet for levekår utarbeidet retningslinjer for tildeling, vurderer søknader og tildeler midlar. Det er ikkje høve til å søkje midlar til kommunale bygg frå dette fondet (jf. KS-vedtak).

6. Økonomidel 2021-2024

6.1 Økonomiske måltal

Før prioritering av ressursane mellom tenesteområda skjer, bør overordna mål og rammer for kommunen sin økonomiske utvikling vere fastsette. Måla og rammene må ta utgangspunkt i vurderingar om Aurland kommune sin faktiske situasjon. Det skal vedtakast lokale målsettingar på desse nøkkelområda:

- Korrigert netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Disposisjonsfond
- Konesjonsavgiftsfond

Målområde driftsresultat:

Aurland kommune skal oppnå minimum 2% korrigert netto driftsresultat. Dette vil betre fondsavsetningar og kommunen sitt handlingsrom.

Definisjon av korrigert netto driftsresultat: Netto driftsresultat er i prinsippet driftsinntekter minus driftskostnader.

Ein har valt å trekke ut bruk og avsetning til bundne fond samt premieavvik frå dette resultatet då dette ikkje direkte høyrer heime i dette omgrepet. Difor blir det kalla korrigert netto driftsresultat som er i tråd departementet sine omgrep og som viser eit meir reelt driftsresultat.

Målområde gjeldsgrad:

Aurland kommune sin gjeldsgrad skal ikkje å overstige 75%.

Definisjon av gjeldsgrad: Lånegjeld til eigne investeringar i prosent av brutto driftsinntekter..

Målområde disposisjonsfond:

Kommunen sitt disposisjonsfond skal ikkje vere mindre enn 10% av dei totale inntektene. Dette skal nåast i løpet av planperioden.

Målområde konsesjonsavgiftsfondet:

Kommunen skal styrke konsesjonsavgiftsfondet , og det skal ha ein storleik på minimum NOK 20 millionar per 31.12.24

6.2 Driftsrammer

DRIFTSOVERSIKT 2021 - 2024

Økonomiplan					
(Tall i 1000 kr)	2020	2021	2022	2023	2024
Skatt på inntekt og formue	85 685	84 232	84 232	84 232	84 232
Rammetilskot	41 891	42 600	42 600	42 600	42 600
Eigedomsskatt	49 000	48 000	44 000	44 000	44 000
Konsesjonsavgift	16 200	17 400	17 400	17 400	17 400
Integreringstilskot flyktningar	1 452	2 166	1 034	504	0
Andre statlige overføringer	800	700	800	800	800
SUM FRIE INNTEKTER	195 028	195 098	190 066	189 536	189 032
Renteinntekter	1 000	700	600	700	700
Utbyte	0	2 000	6 000	8 000	8 000
Renteutgifter	-3 400	-2 500	-3 700	-3 800	-3 800
Netto renteutgifter/-inntekter	-2 400	200	2 900	4 900	4 900
Mottekne avdrag på lån	200	200	200	200	200
Avdragsutgifter	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Netto avdragsutgifter	-9 800	-9 800	-9 800	-9 800	-9 800
NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER	-12 200	-9 600	-6 900	-4 900	-4 900
TIL FORDELING	182 828	185 498	183 166	184 636	184 132
<u>Til driftsrammer:</u>					
Politisk leing	2 988	2 928	2 928	2 928	2 928
Sentraladministrasjon	22 129	19 916	19 916	19 916	19 916
Kultur	4 995	4 895	4 797	4 749	4 749
Aurland Barne og ungdomsskule	18 879	18 251	18 251	18 251	18 251
Flåm barnehage	4 560	4 469	4 469	4 469	4 469
Vangen barnehage	7 810	7 654	6 154	6 154	6 154
Flåm skule	6 046	5 925	5 925	5 925	5 925
Helse og førebygging	15 094	14 342	13 892	13 892	13 892
NAV Aurland	2 000	1 960	1 960	1 960	1 960
Barnevern	2 703	2 649	2 649	2 649	2 649
Pleie og omsorg	37 037	36 111	36 111	36 111	36 111
Bu og miljøtenester	21 835	21 398	21 398	21 398	21 398
Teknisk	24 263	24 263	24 263	24 263	24 263
Nøytrale inntekter / utgifter	0	0	0	0	0
Sal av konsesjonskraft	-10 000	-9 800	-10 000	-10 000	-10 000
Lønsoppgjer (blir fordelt)	3 500	3 500	3 000	3 500	3 000
Sum fordelt til driftsrammer	163 839	158 461	155 713	156 165	155 665
<u>Disposisjoner:</u>					
Avsetning til disposisjonsfond	-1 337	-5 471	-3 019	-2 567	-3 067
Avsetning mindreforbruk 2019					
Avsetning til kons.fond og bundne fond	-16 200	-17 400	-17 400	-17 400	-17 400
Avsetning integreringstilskot flyktningar	-1 452	-2 166	-1 034	-504	0
Avsetning av utbyte	0	-2 000	-6 000	-8 000	-8 000
Bruk av disposisjonsfond	0				
Bruk av tidl. års mindreforbruk					
Overføring til investering					
Netto disposisjoner	-18 989	-27 037	-27 453	-28 471	-28 467
Balanse	0	0	0	0	0

6.3 Kommentarer til endringer i driftsrammer

Effektivisering

Det er lagt inn ein reduksjon på alle einingar unnateke teknisk med 2-5 % av netto ramme. Reduksjonen er gjort med bakgrunn i opphøvelig ramme vedteken i kommunestyret i desember 2019. Teknisk er vidareført med same ramme som for 2020. Det er gjort nokre andre endringar i driftsrammer mellom anna som følgje av redusert elevtal på ABU samt auke i tal barn i barnehagen.

Sal av konsesjonskraft

Aurland kommune sel konsesjonskrafta vidare til Aurland Energiverk med eit påslag på 10 øre pr. kwh. Dette er vidareført i framlegget.

Brukarbetalingar

Gebyra innan m.a. vatn og avlaup er rekna til sjølvkost. Aurland kommune følgjer sjølvkostprinsippet vidare ved å innføre dette på dei tenestene dette er meint for. Generelt blir gebyr auka tilsvarende kostnadsdeflator i statsbudsjettet. Gebyr og prisar blir vurdert i samband med budsjett.

Sentraladministrasjonen

Reduksjon med 2 % i effektivisering.

Kultur

Reduksjon med 5 % effektivisering i løpet av perioden.

Barnevern

Reduksjon med 2 % effektivisering.

Skular og SFO

Det er lagt inn ein reduksjon med 2% på ABU frå hausten 2021. Rådmann si tilråding om reduksjon i eitt årsverk som følgje av redusert elevtal er teke ut. Ramme for Aurland barne- og ungdomsskule i perioden skal vere 18501420 (feil i driftsoversikta ovanfor)

Barnehagane

Reduksjon med 2 % effektivisering. I tillegg er Vangen barnehage redusert med NOK 1,5 millionar frå 2022. Barnehagen fekk auka ramme i 2020 for drift av mellombels avdeling ved Vangen barnehage. Det er i praksis denne som vert teke vekk att. Barnehagane må sjåast samla i samband med detaljbudsjettplanlegginga.

Helse og førebygging

Det er lagt inn ein reduksjon med 1,5 årsverk frå hausten 2021. I tillegg er det lagt inn 2 % effektivisering.

NAV

Reduksjon med 2 % effektivisering

Pleie og omsorg

Reduksjon med 5 % effektivisering.

Bu- og miljøteneste

Reduksjon med 2 % effektivisering.

Teknisk drift – uendra ramme

Ramma er vidareført som for 2020.

7. Investeringsdel 2021-2024

INVESTERINGAR 2021-2024							
Prosjekt Nr	ÅR	Revidert Budsjett	Sum				
	Tiltak	2 020	2021-2024	2 021	2 022	2 023	2 024
	Helse og omsorg						
20001	Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg	1 000	104 000	2 000	2 000	40 000	60 000
	Delsum helse og omsorg	1 000	104 000	2 000	2 000	40 000	60 000
	Oppvekst						
20002	Ny barnehage	6 950	42 950	42 950	-	-	
	Delsum oppvekst	6 950	42 950	42 950	-	-	
	Samferdsel						
20003	Turveg Heggviki - Bøen (2020)	1 505	27 900	3 000	24 900		
20004	Oppgradering kommunale bruer	1 600	1 900		-	-	1 900
20005	Oppgradering Ryavegen og Flåmsdalsvegen	3 810					
20006	Omlegging av tilkomstveg A - feltet	1 910	-		-	-	
20008	Gatelys Kleivi - Steinshølen	500	-				
85039	Parkering Flåm kyrkje	210	-	-			
95021	Fortau Ørøyane	350	-				
	Tursti Brekkehagen - Flåm skule		1 000		1000		
	Tiltak trafikksekringsplan		900	300	300		300
	Utsifting av traktor med hengar		2 500			-	2 500
	Ny kanthjuppar		500	500			
	Opparbeiding snuplass Undredal -Pottefot		4 000	500	3 500		
	Gatetun- trafikktiltak Undredal sentrum		1 000				1 000
	Parkeringfortau Hopen - AIS		2 000	2 000			
	LED belysning Kårdalstunnelen		500	500			
	Aurland Trafikk og parkering						
	Parkeringstiltak Aurland Parkering		2 000	1 000	1 000		
20007	Opparbeiding av parkering Gudvangen	500	600	600		-	
	Delsum samferdsel	10 385	44 800	8 400	30 700	-	5 700
	Vatn, avløp og renovasjon						
20010	Infiltrasjonsanlegg Gudvangen	3 080	-				
20011	Vannbehandlingsanlegg Flåm	2 500	-	-	-	-	
20012	Ledningar Ryggstasjon - Vangen	2 400	-				
20013	Utsifting pumpestasjon A - feltet	1 760	-		-	-	
20014	Omlegging VA Ørøyane	1 280	-	-	-	-	
20015	Teknisk bygg Gudvangen	600	-	-	-	-	
20016	Hovedplan VA	200	300	300			
20017	Vatn og avløp Bakka	300	-		-	-	
90021	Opparbeiding av Frøheimshaugane del 2	1 600	200		200		
	VA anlegg Lindelagrovi - Klokkegården		800	800			
	Rehabilitering VA Klokkegården		1 800				1800
	Framføring av vassleidning Ytstebøen- Klokkegården		1 800				1800
	Høgdebasseng Flåm (Frøheimshaugane)		15 000	7 500	7 500	-	
	Rehabilitering VA Rådhuset - Ungdomshuset		3 000		3 000		
	Andel VA - Aurlandsvangen (Br. Wængen, Eieidom)		700	700			
	Renseanlegg Flåm sentrum		3 500	-	3 500	-	
	Overvassleidning Hopen - Ny barnehage SJH		3 100	3 100	-	-	
	Høgdebasseng Utbygdi (i samband med Ty)		3 500		-	3 500	
	Høgdebasseng og borebrønn Gudvangen		3 000			1800	1 200
	Elvekryssing Flåmsvassdraget		500	500			
	Delsum vatn, avløp og renovasjon	13 720	37 200	12 900	14 200	5 300	4 800
	Kultur						
90019	AIS -kulturstove	-	2 000	-	1 000	1 000	
	Dagsturhytte		200	200	-	-	
20018	Ny inngang trimrommet/boksehall	300	4 000	2 000	2 000	-	
	Nærmiljøanlegg ABU		1 400	1 200			
	Nærmiljøanlegg Neset Flåm		1 400		1 200		
	Nærmiljøanlegg Flåm Skule		1 100			1 000	
20019	Nærmiljøanlegg, leikeplassar	1 500	500	700	200	100	
	Delsum kultur	1 800	8 600	4 100	3 400	1 100	-
	Bustadpolitisk						
	Utviding av skredvoll Skjerping bustadfelt		500			500	
	Flytting av mellombels bustadmodul Øhnstad		600	600			
	Smiebakken bustadfelt		500				500
	Fortetting eksist. Bustadfelt		500			500	-
20020	Rassikring Nedre Brekke Flåm	5 970	600	600	-	-	
20021	Overtaking Ytstebøen bustadfelt	-	2 500	2 500	-	-	
20022	Rassikring Fiskhammar - veg	300	-				
20023	Opparbeiding TY -utbygging	-	11 700	3 200	8 500		
	Delsum bustadpolitisk	6 270	16 900	6 900	8 500	1 000	500

Prosjekt	ÅR	Revidert Budsjett	Sum				
Nr	Tiltak	2 020	2021-2024	2 021	2 022	2 023	2 024
	Interne fellesfunksjoner						
20024	IKT - investeringar (2020)	800	6 000	1 500	1 500	1 500	1 500
	Fagfornyng og datautstyr grunnskuler		1 000	500	500		
58010	Eigenkapital KLP	800					
	Velferdsteknologi		1 000	250	250	250	250
	Delsum interne fellesfunksjonar	1 600	8 000	2 250	2 250	1 750	1 750
	Andre investeringar					-	
20025	Nytt inngangsparti rådhuset		500	500			
20026	Adgangskontroll Rådhuset	100	-				
20027	ENØK - tiltak (2020)	1 000	-				
20028	Breibandutbygging (2020)	1 000	1 000	500	500		
20029	Toalettkontor Gudvangen	500	-				
20030	Uteområde Furuly	150	150	150		-	
20031	Utsifting heis Aurland Helsetun	1 000	-				
20035	Ombygging gamle Vangen skule	1 000	-				
20037	Sikringsprosjekt Geithusbergi	-	500	500			
20038	Sikringsprosjekt Hallinggrovi	-	500	500			
	Vangen kyrkje		400	400			
	Rehabilitering gatelys		600	300	300		
	Ladepunkt		320	320			
	Delsum andre investeringar	4 750	3 970	3 170	800	-	-
	Sum tiltak:	46 475	266 420	82 670	61 850	49 150	72 750
	FINANSIERING:						
	ÅR	2 020	Sum	2 021	2 022	2 023	2 024
	Tiltak		tiltak 2021-2024				
	Mva refusjon	- 5 896	- 41 260	- 12 559	- 8 577	- 7 893	- 12 231
	Tilskot Husbanken - bygningsmessige tiltak Aurland Helsetun		- 12 500				- 12 500
	Bruk av konsesjonsavgiftsfond(ekstra inntekt 2019)		- 4 000	- 4 000			
	Sal av Skjerpung skule	- 2 000	-				
	Tilskot inngang trimrom		- 2 000	- 1 000	- 1 000		
	Tilskot kulturstove		- 1 000		- 500	- 500	
	Tilskotmedfinansiering LED belysing		- 250	- 250			
	Sal av Fretheimshaugane del 2	- 2 000	-				
	Sal av tomter Ty		- 9 000		-3000	- 2 000	- 4 000
	Tilskot Nærmiljøanlegg		- 900	- 300	-300	- 300	
	Tilskot - trafikktryggingmidlar	- 104	- 600	- 150	- 150	- 150	- 150
	Tilskot ladepunkt		- 160	- 160			
	Utbytte Turveg Heggvikji - Bæen		- 12 500		- 12 500		
	Ekstern finansiering Turveg Heggvikji - Bæen		- 12 400		- 12 400		
	Tilskot - Høgdebasseng Flåm	- 1 000	- 4 000	- 2 000	- 2 000		
	Refusjon VA Leidningar Ryggjelun - Vangen	- 600	-				
	Bruk av lån	- 11 155	-102 860	- 39 351	- 1 640	- 32 800	- 29 069
	Bruk av lån VA	- 13 720	- 37 200	- 12 900	- 14 200	- 5 300	- 4 800
	Konsesjonsavgiftsfondet	- 10 000	- 25 790	- 10 000	- 5 583	- 207	- 10 000
	Sum finansiering	- 46 475	-266 420	- 82 670	- 61 850	- 49 150	- 72 750

7.1 Kommentarer til investeringsedel

Helse og omsorg

Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg

Investeringsramme NOK 104 millioner i planperioden. Gjennomføring av kontrakt om detaljprosjektering i 2021 og 2022. Byggestart i 2023 (Jf. KS-vedtak)

Oppvekst

Ny barnehage

Investeringsramme NOK 42,95 millioner i planperioden. Planlagt oppstart november 2020, ferdig hausten 2021. Det er budsjettet med om lag 7 millioner i 2020.

Samferdsle

Turveg Heggviki – Bøen

Investeringsramme 30 900 MNOK i planperioden.

Etablering av 2.7 km turveg frå Heggviki til Bøen for samanhengande løysing for mjuke trafikantar langs E 16 mellom Aurland og Flåm. Løysinga baserast i stor grad på byggekonstruksjonar i bratt terreng. Tiltaket er av samfunnsmessig stor betydning, sjølv om det ikkje inngår i kommunen sine kjerneoppgåver. Slutføring av tiltaket må gjennomførast med ekstern finansiering på tilsaman 24,95 mill i 2023. Prosjektet vert delt opp i tre parsellar, der første parsell vert mellom Heggviki og Kvit. *Ekstern finansiering må vere på plass før kommunal finansiering blir nytta (Jf. KS-vedtak)*

Oppgradering kommunale bruer

Investeringsramme på NOK 1,9 millioner i planperioden. Arbeidet omfattar utbetring av avvik, t.d. skader på rekkverk og bærande konstruksjonar.

Tiltak trafikksikringsplan

Investeringsramme 0,9 MNOK i planperioden. Aktuelle tiltak vert innarbeidd i revidert trafikksikringsplan. Tiltak krev 50 % eigenfinansiering.

Utskifting traktor med hengar.

Investeringsramme NOK 2,5 millioner i planperioden Eksisterande traktor er over 10 år gammal, og vedlikeholdskostnadane er stigande. Traktor vert nytta til drift- og vedlikehald av kommunale vegar. Kjøp av traktor medfører utfasing av eksisterande traktor.

Ny kantklyppar

Investeringsramme NOK 0,5 millioner i planperioden. Eksisterande utstyr er av eldre dato og det er ikkje lønsamt å føreta reperasjon av dette.

Opparbeiding av snuplass Undredal – Pottetot.

Investeringsramme NOK 4,0 millioner i planperioden. Tiltak kjem som følge av reguleringsplan for Undredal og omfattar snuplass/parkering i ende av fylkesveg. Drøftingar med Statens vegvesen om medfinansiering på inntil NOK 0,5 millioner pågår.

Gatetun – trafikktiltak Undredal sentrum.

Investeringsramme NOK 1,0 millionar i planperioden. Tiltak kjem som følgje av reguleringsplan for Undredal og omfattar t.d. opparbeiding av gatetun i sentrum, skilting og møteplassar.

Parkering/fortau Hopen - AIS

Investeringsramme NOK 3,0 millionar i planperioden Rekkefølgjekrav i reguleringsplan for Aurland barnehage. Omfattar utviding av fortau mellom Hopen og AIS og etablering av nytt parkeringsareal.

LED belysning Kårdalstunnelen.

Investeringsramme NOK 0,5 millionar i planperioden. Tiltak kjem som følgje av registrerte ulykker i tunnelen. Sterkt aukande trafikk i Flåmsdalen som følgje av aktiviteter knyta til t.d. Flåm Zipline og Rallarvegen. Området har ikkje straumtilførsel og løysinga vert tufta på batteri/solcelleanlegg. Tiltaket krev 50% ekstern finansiering.

Aurland trafikk og parkering

Parkeringstiltak Aurland parkering.

Investeringsramme NOK 2,0 millionar i planperioden. Aurland trafikk og parkering er under etablering. Aktuelle tiltak er etablering av betalingsløysingar, skilting og tilrettelegging av eksisterande og nye parkeringsareal.

Opparbeiding av parkering Gudvangen.

Investeringsramme NOK 0,6 millionar i planperioden. Slutføring av parkeringsareal som er påbyrja i Gudvangen. Det pågår drøftingar med grunneigarar om tilkomst til parkeringsareal P1 i reguleringsplan for Gudvangen, parkering P4 bør utvidast. Tiltaket krev reguleringsendring.

Vatn, avløp og renovasjon

Hovudplan VA

Investeringsramme NOK 0,3 millionar i planperioden Revisjon av gjeldande hovudplan for VA. Samordnast med revisjon av arealdel i kommuneplan.

Opparbeiding av Fretheimshaugane del 2

Investeringsramme NOK 0,5 millionar i planperioden Kommunal del i samband med opparbeiding av Fretheimshaugane del 2. Opparbeiding i regi av privat utbyggjar, men kommunen må rekne utgifter knyta til t.d. infrastruktur som fell utanfor utbyggjar sitt ansvar.

VA Lindølagrovi – Klokkargården

Investeringsramme NOK 0,8 millionar i planperioden. Lekk i framføring av tosidig vassforsyning til Ty, del 2 og Høydalen. Tiltaket er og ein del av handtering av overflatevatn i området.

Rehabilitering av VA Klokkargården

Investeringsramme NOK 1,8 millionar i planperioden. Eksisterande VA nett er av eldre dato. Dette har medført overvatn/flaum i Klokkargården som følgje av manglande kapasitet på overvassleidning.

Framføring av Vassleidning Ytstebøen - Klokkargården

Investeringsramme NOK 1,8 millionar i planperioden. Etablering av tosidig vassforsyning mot Høydalen og Ty. Delar av trase utførast med retningsstyrt boring frå Ytstebøen mot Klokkargården.

Høgdebasseng Flåm

Investeringsramme NOK 15,0 millionar i planperioden. Som følgje av stor auke i forbruk av vatn i Flåm dei seinaste åra, har ikkje dagens anlegg lenger tilstrekkeleg kapasitet for vassforsyning om sommaren. Dette har medfører ei avgrensing i sal av vatn til Aurland hamnevesen. Utbygging av Fretheimshaugane del 2 og andre private planar i området krev at dette tiltaket kjem på plass før opparbeiding av desse tiltaka kan gjennomførast.

Rehabilitering av VA Rådhuset– Ungdomshuset

Investeringsramme NOK 3,0 millionar i planperioden. Rehabilitering av VA struktur og etablering av knutepunkt for VA ved rådhuset. Anlegget frigjer behov for trykkaukeasjon i Fjordsenteret (Åtnes bustadfelt)

Andel VA Aurlandsvangen (Br.Wangen eigedom)

Investeringsramme NOK 0,7 millionar i planperioden. Br. Wangen eigedom planlegger tiltak som er innarbeid i reguleringsplan for området. Aurland kommune sin del er knyta til deltaking i oppgradering av VA anlegg. Tiltakshavar må ta resterande kostnader som kjem som følgje av VA norm og rekkefølgjekrav i reguleringsplan.

Renseanlegg Flåm sentrum

Investeringsramme NOK 3.5 millionar i planperioden. Utviding av eksisterande reinseanlegg for og ta hand om auka volum på avløpsvatn og nye krav til utslipp i fjorden. Tiltaket samordnast med Aurland hamnevesen sin planar for landstraum.

Overvassleidning Hopen – Ny barnehage SJH

Investeringsramme NOK 3,1 millionar i planperioden. Ny overvassleidning og omlegging av hovudvassleidning og spillvassleidning, samt etablering av tilkoplingspunkt for ny barnehage. Tilknytning av ABU sitt overvassanlegg.

Høgdebasseng Utbygdi

Investeringsramme NOK 3,5 millionar i planperioden. Utsifting av høgdebasseng i Høydalen med for liten kapasitet og manglande tetting. Etableringa kjem som følgje av Ty del 2

Høgdebasseng og borebrønn Gudvangen

Investeringsramme NOK 3,0 millionar i planperioden. I 2020 blei vassverket forureina og det blei innført kokepåbod i delar av året. Auke av kapasitet som følgje av næringsetableringar i Gudvangen sentrum. Etablering av eit nytt høgdebasseng ved sidan av eksisterande og behandlingsanlegg for UV.

Elvekryssing Flåmsvassdraget

Investeringsramme NOK 0,5 millionar i planperioden. Samhandlingsprosjekt med Aurland Hamnevesen og Aurland energiverk i samband med etablering av landstraumanlegg for cruiseskip. Aurland kommune sin medverkand er etablering av ny hovudvassleidning mellom Nedre Brekke – A-feltet.

Kultur

AIS - Kulturstove

Investeringsramme NOK 2,0 millionar i planperioden. Nyttast til oppgradering av festsal i AIS. Føreset tilskot.

Dagsturhytte

Investeringsramme NOK 0,2 millionar i planperioden. Nyttast til steinlegging av delar av sti som følgje av slitasje i landskapet.

Ny inngang – trimrommet/boksehall

Investeringsramme NOK 4,0 millionar i planperioden. Tiltaket utløyser mogelegheit for etablering av nøkkelkortordning for bruk av trimrommet og frigjering av areal i AIS. Føreset tilskot.

Nærmiljøanlegg ABU

Investeringsramme NOK 1,2 millionar i planperioden. Utsifting/etablering av nye anlegg på ABU. Føreset spelemidlar (jf. KS-vedtak)

Nærmiljøanlegg Flåm

Investeringsramme NOK 1,2 millionar i planperioden. Utsifting/etablering av nye anlegg i Flåm. Føreset spelemidlar (jf. KS-vedtak)

Nærmiljøanlegg Flåm skule

Investeringsramme NOK 1,0 millionar i planperioden. Utsifting/etablering av nye anlegg ved Flåm skule. Føreset spelemidlar (jf. KS-vedtak)

Nærmiljøanlegg leikeplassar

Investeringsramme NOK 1,0 millionar i planperioden. Utsifting av eksisterande leikeanlegg rundt om i heile kommunen (jf. KS-vedtak)

Bustadpolitisk

Utviding av skredvoll Skjerping

Investeringsramme NOK 0,5 millionar i planperioden. Nye krav til sikring av bustadfelt krev at eksisterande sikringsvoll vert oppgradert.

Flytting av mellombels bustad Onstad

Investeringsramme NOK 0,6 millionar i planperioden. Nyttast til flytting av mellombels bustad på Onstad til permanent plassering av bustad. Mellombels byggeløyve er gått ut

Smiebakken bustadfelt

Investeringsramme NOK 0,5 millionar i planperioden. Avklaring av rekkefølgekrav og oppstart av detaljplanarbeid for kommunaltekniske anlegg. *Avklaring av rekkefølgekrav prioritert i 2021 (jf. KS-vedtak).*

Fortetting eksisterande, bustadfelt

Investeringsramme NOK 0,5 millionar i planperioden. Nyttast til avklaring av areal/områder som det kan gjennomførast fortetting med nye bustader.

Rassikring Nedre brekke Flåm

Investeringsramme NOK 0,6 millionar i planperioden. Slutføring av sikringsvoll

Overtaking av Ytstebøen bustadfelt

Investeringsramme NOK 2,5 millionar i planperioden. Slutføring av opparbeiding av bustadfeltet. Gjenstående arbeider er oppgradering/utsifting av VA kummer og asfaltering.

Opparbeiding Ty – utbygging

Investeringsramme NOK 11,7 millionar i planperioden. Opparbeiding av bustadfeltet med kommunaltekniske anlegg og øvrig infrastruktur.

Interne fellesfunksjonar

IKT – investeringar

Investeringsramme NOK 6,0 millionar i planperioden. Oppgradering/utsifting av lisensar og programvare.

Fagfornying og datautstyr grunnskuler

Investeringsramme NOK 1,0 millionar i planperioden. Utskifting av elev PC og materiell i grunnskulane.

Velferdsteknologi

Investeringsramme NOK 1,0 millionar i planperioden.

Andre investeringar**Nytt inngangsparti Rådhuset**

Investeringsramme NOK 0.5 millionar i planperioden. Utskifting av eksisterande ytterdører og utviding av inngangsparti, tilpassa universell utforming.

Breibandutbygging

Investeringsramme NOK 1,0 millionar i planperioden. Breidbandutbygging har frå 2003. Som siste punkt står igjen er Bjørgo/Bakka, Lialandet-Kvitt-Bøen og Skjerdal. Kommunen har i strategi for breiband eit mål om å få alle område opp på NGA-aksess. For 2020 har vi fått midlar til Bjørgo/Turlid, Bakka/Tufto og Lialandet/Kvitt/Bøen. For Lialandet/Kvitt/Bøen er avtale om utbygging underskreve. Det vil stå klart innan utgangen av februar 2021.

For Bakka/Tufto: ligg føre tilbod på utbygging, men ikkje samband inn til området.

For Bjørgo/Turlid: ikkje fått tilbod på utbygging. Det er ikkje linje opp til området og midlane som er til rådvelde vert for lite til både linje og utbygging. Krev avklaring av finansiering og ny utlysing.

Det er søkt om offentleg støtte til Skjerdal for 2022.

Uteområde Furuly

Investeringsramme NOK 0,15 millionar i planperioden. Slutføring av utomhusarbeider (bod).

Sikring Geithusberget

Investeringsramme NOK 0.5 millionar i planperioden. I 2020 er det avdekka rørsler i grunn. NGI er engasjert til å utarbeidde plan for sikringstiltak. Kostander til konkrete tiltak ikkje innarbeid

Sikring Hallinggrovi

Investeringsramme NOK 0.5 millionar i planperioden. I 2020 er det avdekka store masseforflytingar i rasvifta. Etablering av plan for sikringstiltak for å sikre eksisterande bustader i området. Kostander til konkrete tiltak ikkje innarbeid

Rehabilitering av gatelys

Investeringsramme NOK 0,6 millionar i planperioden Aurland kommune har gjennomført utskifting av gatelys til LED. Samstundes er det etablert nye målepunkt for energibruk. Jordfeilbrytarar i dei ulike anlegga har avdekka jordfeil på store delar av gatelysnettet som då må skiftast ut.

Ladepunkt

Investeringsramme NOK 0,32 millionar i planperioden. Aurland kommune har fått tilskot til etablering av ladepunkt. Det må utarbeidast plan for bruk og plassering av ladepunkt. Frå 2024 kjem det og nye reglar for t.d. tilrettelegging av ladepunkt for taxi.